

# Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

## Innhald:

Andakt  
Normisjon  
Min song  
Glimt frå Bangladesh

Side 5  
Side 7  
Side 11  
Side 13

Nye styrer i eierorg.  
Gildt på leir  
Mitt møte med  
Varhaug Forsamlingshus  
Vaktlister

Side 17  
Side 19  
Side 19-21  
Side 30

# BØEN STORKIOSK

MAT - SPILL - KIOSK

f FØLG OSS PÅ FACEBOOK

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug  
FOR MATBESTILLING RING: 51 43 00 99



www.rogalandbildeler.no

#### Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSTAD  
TLF: 51 49 49 50  
FAKS: 51 49 49 60  
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



#### FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

#### Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2018  
30. ÅRGANG

#### Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

#### Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:  
Tormod Nord-Varhaug  
Mob. 908 67 879

#### Det Norske Misjonsselskap

Formann:  
Njål Omland  
Mob: 916 89 177

#### Normisjon

Formann:  
Kjartan Horpestad  
Tlf: 926 89 585

#### Indremisjonsforbundet

Formann:  
Toralf Liene  
Mob: 475 02 015

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.  
Tlf: 51 43 08 08  
E-mail adresse:  
post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:  
Pb 103  
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag  
kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:  
redaksjonen@varhaug-misjonshus.no  
Tlf. 900 58 503

## Frå redaksjonen

3

Når bladet går i trykken er det meste av vårsemesteret over, vinteren har sleppt taket og det går mot sommar.

Gjennom dette bladet ynskjer Varhaug misjonshus å gje folk på Varhaug eit innblikk i det som skjer på misjonshuset. Dei ansvarlege for huset er NMS, Normisjon, IMF og NLM, og i dei tre siste utgavane av Misjonshusbladet har me presentert NLM, IMF og NMS. I dette nummer har me fokus på Normisjon.

Min Song er levert av Knut Harald Håland. Han minnes tida og songen i kristenrusskoret då han gjekk på Bryne Gymnas på 70-talet.

Solvor og Gaute Rasmussen var saman med Eva og Reidar Varhaug på ein tur til Bangladesh i februar/mars. Der besøkte dei menigheter ute i jungelen. Gaute har halde tett kontakt med Khasi-folket i Bangladesh etter misjonærperioden. Sjur Håland har intervjuet Gaute etter turen.

I løpet av dei første månadane i år har dei fire eigarorganisasjonane hatt årsmøte og valgt nye styre. Bilete av dei nye styrene finn du på side 17

Svært mange barn og unge frå Varhaug har ein eller fleire gonger reist på leir. Inne i bladet har me laga ei oversikt over dei leirstadane som eigarorganisasjonane har i vårt nærrområde. Reis på leir, seier Gordon!

Odd i Dubland har sagt at han er skoren ut av ein kålrabi på Varhaug. Uansett, så vaks han opp på garden på nordsida av der NLM Gjenbruk er i dag. Heimehuset står der fortsatt, men løa og markene er ikkje slik dei var då han vaks opp. På side 19 har han sett tilbake på tida då han vaks opp, korleis hans møte var med det som då vart kalla Forsamlingshuset. Det vart i tida like før 1960 erstatta av Varhaug misjonshus. På biletet ser de Forsamlingshuset med huset til møller Åmot like sør. (nord er til venstre i biletet. På dette biletet er ikkje bygget til Bøen kome opp. På oversiktbiletet over Varhaug sentrum ligg forsamlingshuset bak pipa til Varhaug meieri). Dette biletet er teke etter at Bøen sitt hus vart bygd kring 1950. Odd vaks opp på dublandgarden heilt øverst til høgre på biletet. Misjonshuset er bygd omtrent der Odd fortel om brakkene som tyskerane hadde austanfor forsamlingshuset. Framsidebiletet er teke av eit av hans mange malerier.

Barnesida er laga av Gerd Håland og Gina Ueland. Eirik J. Varhaug har lese 3 bøker om islam, bla Imamens datter – min flukt til frihet. Alle desse bøkene er både spennande og lærerike, bøker som det er verdt å lesa. (Dei kan lånast på Biblioteket).

**I redaksjonen:** Njål Omland, Eirik J. Varhaug, Karin Lerbekk, Sjur Håland, Steinar Ånestad og Per Åge Skretting





**FK butikken**  
– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 77 14 70  
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



**Murmester**  
**Waldeland & Dubland AS**

Alt i mur-, puss- og flisarbeid  
Tlf: 992 50 989  
Epost: post@waldeland-dubland.no



**HÅ REGNSKAP AS**  
Autorisert regnskapsførerselskap

Daglig leder Rune Odland  
Autorisert regnskapsfører  
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug  
Tlf. 91511088 • E- mail: runeo@hrd.no



**KJÆRNEBORING**  
**BETONGSAGING**

**EGIL HÅLAND** 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •  
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com



**LOTUS**  
BLOMSTER & GAVER



**EL-TEAM**  
Elektroentreprenør

Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40  
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

**Lars Gaute Sport**  
sport 1

VARHAUG 51 43 28 80      NÆRBØ 51 43 43 10

**SKAL DU GRAVE?**

KONTAKT  
**ERLING AUESTAD**  
MASKINENTREPENØR  
VARHAUG  
Alt innen graving  
Tlf. 51430878  
Mobil. 97197815




## Ydmykhet mot hverandre

Av Ivar Håland

Det å være ydmyk kan kanskje misforstås og oppfattes som noe som gjør deg svak og feig, og uten tro på deg selv. Men når vi leser i Bibelen viser den oss at ydmykhet er noe bra. Det er noe som vi bør etterstrebe og la være en del av oss.

Bibelen oppfordrer oss til å: «La dere ydmyke» (Jak 4,10)

På en enkel måte kan dette bety:

1. Ta ydmykt imot Guds Ord (Jak 1,21)
2. La Guds Ord være sannhet til oss og sannhet om oss.
3. Bekjenne og omvende oss fra våre synder mot Gud, nesten vår og oss selv. (1.joh 1,9)
4. Erkjenne vårt uendelige behov for Guds nåde og tilgivelse. (2.kor 12,9)
5. Ta imot Guds tilgivelse og ved Hans nåde fortsett å følge Jesus. (Ef.2,8-10)

Jeg ser selv i mitt eget liv at jeg ikke klarer å leve opp til Jesus sin standard. Jeg må gang på gang la meg ydmyke og bekjenne dårlig og feil behandling av menneskene rundt meg. Da må jeg søke Guds hjelp og fortsette å følge Jesus midt i min skrøpeligheit. Som salmisten sier: «Det er godt for meg at jeg ble ydmyket, så jeg kan lære dine forskrifter.» (Salme 119,71)

Kanskje det å «ydmyke oss mot hverandre» er det vi trenger å gjøre i disse tider med så mange forskjellige meninger og ønsker om «mangt og meget». Når vi er ydmyke mot hverandre er det viktig å ta oppgjør med vonde ting, både sagt og gjort mot hverandre. Vi må erkjenne egne feil og ikke alltid vite best selv. Det er viktig å lytte til hverandre, for vi ser stykkevis og delt. Så kan vi sammen søke Gud og lytte til Hans vilje.

«Likeså skal dere unge underordne dere under de eldste. Og dere alle må ikke dere **ydmykhet mot hverandre**. For Gud står de stolte imot, men de ydmyke gir Han nåde.» 1.pet 5,5

Om vi ikke vil ydmyke oss, er motsetningen av ydmykhet; stolhet. Gud står de stolte imot. Og om Gud står oss imot; «ja då slide me!» Så la oss ydmyke oss, for «de ydmyke gir Han nåde!» Og Hans nåde er nok for oss, for kraften fullendes i svakhet.



Normisjon:

# Jesus Kristus til nye generasjoner og folkeslag



Kjartan Horpestad

Normisjon er en evangelisk luthersk organisasjon med oppdrag å plante og bygge lokale fellesskap, både i Norge og internasjonalt. "Jesus Kristus til nye generasjoner og folkeslag" er visjonen det arbeides mot ved hjelp av menigheter, lokallag og misjonærer som sendes ut til andre land. Normisjon slik vi kjenner den i dag ble til i 2001 da Den Norske Santalmisjon, Langesundsfjordens Indremisjonsselskap og Det norske lutherske Indremisjonsselskap slo seg sammen til en organisasjon. Røttene til Normisjon er mye eldre enn selve Normisjon og det ble feiret 150 års jubileum i 2017.

Normisjon Varhaug er en av de fire eierorganisasjonene til misjonshuset og er tilknyttet Normisjon Rogaland. Normisjon Varhaug har en lang historie fra de lokale foreningene som tilhørte Santalmisjonen og Indremisjonsselskapet. Vi har drevet møtevirksomhet og innsamling til misjon i langt over 100 år. Det er tre kvinneforeninger som har drevet trofast over flere tiår. Hvert år har vi møteuke, hagetreff, basarer og enkeltmøter for å bygge opp og utruste kristne på Varhaug og samle inn midler til arbeidet som Normisjon driver regionalt og internasjonalt.

## Indremisjon

Normisjon er i Norge delt inn i 13 regioner. I de 13 regionene er det rundt 1100 lag og foreninger. Det er også 30 menigheter og forsamlinger. I de fleste storbyer er det et menighetsfellesskap. Totalt omfatter det nasjonale arbeidet over 70 000 mennesker. Det Barne og ungdomsarbeidet heter Acta. Dette er en særdeles viktigste arenaene for trosopplæring. Det er 600 Acta-lag i landet og 19 000 medlemmer fordelt på de forskjellige målgruppene hvert konsept har. For aldersgruppen 6-10 år finnes Amigos. Amigos' visjon er å gi dåpsopplæring med misjonsperspektiv; hjelp til å leve som kristen og ivareta barns misjonsengasjement. Soul Childre og Soul Teens er kor for 10-15 år og 16-19 år. Opplegget skal balanserer det åndelige, det sosiale og det musikalske. Målet er å vinne og bevare unge for Jesus Kristus gjennom sang og musikk som de kjenner seg igjen i. Nærmeste Soul Children kor finnes på Vigrestad og er noe alle sangglade barn bør få prøve.

## Skoler

27 skoler fordelt på barne-, videregående-, bibel-, høg- og folkehøgskoler eier og driver Normisjon, og er eneeier av de fleste. Nærmest

skole er Solborg folkehøgskole på Tjensvoll. Dei tilbyr 12 forskjellige linjer og 29 forskjellige valgfag. Ikke langt derfra er bibelskolen Acta. Der har de fire studielinjer: Menighet og ledelse, Lovsang og musikk, Impuls, Barn og ungdom. I tillegg får studenter tjenestepøst i IMI-kirken. En viktig bit av skoleåret er også team reise til Asia i en måned.

## Ytremisjon

Normisjons misjonsarbeid i utlandet startet med Den norske Santalmisjonen i 1867. Santalfolket er en undertrykt minoritet som hovedsakelig bor i India. I dag jobber Normisjon

i Aserbajdsjan, Bangladesh, Bhutan, Cuba, Ecuador, India, Kambodsja, Mali, Midtøsten, Nord-Afrika og Nepal. Arbeidet består i å plante og støtte lokale menigheter. I en del land drives det også leder- og organisasjonsutvikling for å utruste lokalbefolkningen til å ta over hovedansvaret for menighetene. Det drives også diakonalt arbeid for å skaffe helsetjenester og skolegang til folkegrupper som er vanskeligstilte i samfunnet. Noen eksempler er arbeid rettet mot funksjonshemmede, undertrykte minoriteter, kvinner, Normisjon søker alltid å samarbeide med lokale kirker og andre organisasjoner der det lar seg gjøre. Selv har Normisjon omlag 20 utsendinger.

## Leirsteder

I Norge har Normisjon 20 leirsteder spredd utover. 3 av dem ligger i Rogaland. Horve Ungdomssenter har 100 sengeplasser med god standard og ligger i nærheten av Sandnes.

Stemnestaden har 102 sengeplasser og ligger ved Aksdal. Det siste leirstedet er Vaulali og er 8km øst fra Tau. Alle leirstedene

kan leies til bruk for bryllup, konferanser, menighetsweekend ol. På sommeren er det flere leirer i regi av Acta: Acta Minileir er for 5-7 år med voksent følge, Acta Amigosleir er for 2-4. klasse. Besteleir er 4-10 år sammen med besteforeldre. De fleste leirkonseptene går på flere enn en leirplass i løpet av sommeren. På Acta.as kan du se hvilke leirer som går hvor og om det fremdeles er ledige plasser. 5. august på Horve begynner 10:13, en festival for de som er mellom 10 og 13 år og varer fem dager. Opplegget er tett og inkluderer bl.a bading, brettspill, diskotek, talentshow, tur til kongeparken, andakter, gode ledere, lovsang og bønn i et stort møtetelt. I år regner de med å samle 300 ungdommer. 270 er allerede påmeldt i skrivende stund.

## Med på mye og i endring

Normisjon har et eget blad; Agenda 3:16 med over 40 000 lesere. Videre drift av 25 barnehager, begravellesbyrå, forlag, tv kanal, lån i uland. Det kan kanskje virke litt overveldende å få taket på hva Normisjon holder på med. Da kan vi låne noen ord fra generalsekretær Langmoen's visjonsforedrag:

"Normisjon er en fellesskapsbevegelse. Vårt oppdrag er å plante og bygge fellesskap, (...) Vi skal plante mange nye fellesskap. Det skal være så tett mellom fellesskapene at folk enkelt kan «dumpe» innom. Og fellesskapene skal være forskjellige. (...) Vi er en del av Guds folk på vandring. Derfor må vi være i endring."

Så lenge fundamentet er Jesus og læren er bibeltro og nær kan vi være «litt» forskjellige. Vi mennesker er ikke skapt like.





**MESTERHUS**

– det blir som avtalt

**EIK**  
**SENTERET**

**Vi er der når du trenger oss**

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798  
Hjemmeside: jts.as

VARHAUG  
hud & fotterapi

**HEIDI DUBLAND BØ**  
Hud- og fotterapeut

Stasjonsvn. 14, 4360 Varhaug  
Mob. 41 27 66 79

Timebestilling / telefon 51 43 13 69

## Hilsen fra husstyret

Nå er det plutselig vår igjen. Føler at det var nettopp jul, men når dette vert skrive er det 2 uker til 1. mai. i.

Når det gjelder oppgaver på huset så er det de vanlige som gjelder. Først nå er det vårdugnaden som står for tur. Denne blir torsdag 3 mai klokka 1700, så alle som ønsker det kan komme å bidra litt. Det er generell vask og rydding av hus og uteområde .

Husstyret set som vanlig stor pris på den velviljen og innsatsen som blir lagt ned i vanlig reinhold. Det er en del rom som skal vaskes og holdes i orden så det går med noen timer til dette i uken. Når det gjelder dette så er det viktig at alle som

benytter seg av huset går inn og reserverer de roma som er tenkt benyttet. Det er kontortid mandag og torsdag klokka 20-21. Ellers er enkelt å sende Mail til [post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no)

Ellers så er tida inne for avslutninger av foreninger og kor for sommeren. Det blir ei kort hektisk tid før vi går inn i ei roligere sommertid.

Møt opp på arrangement og benytt det flotte huset som vi har.

Mvh  
Styret



Fv: Tarald Ånestad, Kristian Skrettingland, Tron Stokkeland, Sigbjørn Varhaug, Loyd Aanestad, Torbjørn Honnemyr og Solfrid Harbo.

# MALER OG GOLVLEGGER

# Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

## JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSAVG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

## Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.  
Scan QR koden og kom rett til  
bestillingssiden. Eller gå inn på :

[www.ledigtime.no/sentrumsalongen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalongen)



# SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19  
E-post: [spar.varhaug@ngbutikk.net](mailto:spar.varhaug@ngbutikk.net)

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

## Haaland Bilverksted

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug  
Telefon: 90 50 65 66

MCA  
CAR SERVICE

MCA  
CAR SERVICE

## T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalslandsvegen, 4360 Varhaug

Trond Skretting

mob. 906 80 143  
mob. 975 54 681 (Erik)  
[trond@tskretting.no](mailto:trond@tskretting.no)

[www.tskretting.no](http://www.tskretting.no)



Regnskapsfirmaet på Jæren

[post@jarok.no](mailto:post@jarok.no) - tlf. 51 48 22 66  
Pb. 210, 4349 BRYNE

# JÆRØK

[www.jarok.no](http://www.jarok.no)

MEDLEM  
REGNSKAP  
NORGE

# Min song

Eg liker å syngja og har alltid vært med i eit kor eller musikklag. Eg begynte i Varhaug musikklag i konfirmasjonsalderen, og i dag syng eg i Hananja. Song er ein hobby, og ein to timars øving med Hananja er også god mosjon.

Gud den allmechtige Fader som skapte himmel og jord, månen og stjernene og alt liv som yrer. Gud som skapte deg og meg, Han har ein plan med ditt liv. Du tenkjer kanskje at dette ikkje gjelder meg? Gud visste alt om deg før Han deg kalla. Han visste om alt det gale du kom til å gjera og alt det stygge du kom til å sei. Likevel skapte Han deg, og Han elsker deg.

I kristenrusskoret på Bryne gymnas song vi ein song som eg ofte merker eg går og nynnar på. Songen Gud har ein plan med ditt liv er skriven av Trygve Bjerkrheim i 1968, og Mons Leidvin Takle laga melodi til i 1974. Det var Per-Otto Haarr som dirigerte kristenrusskoret den gongen i 1977. Eg har mange gode minner frå den tida. Songen står i Sangboken på nr 315, og du kan også finna den på Google og Spotify.

1. Gud har ein plan med ditt liv.  
Han tenkte så kjærlege tankar.  
For Han har deg inderleg kjær.  
Hans hjarta så varmt for deg bankar.
2. Gud har ein plan med ditt liv.  
Han framtid og von vil deg gjeva.  
Så lat han få visa deg veg.  
Då får du i livsstraumen leva.
3. Gud har ein plan med ditt liv,  
Ein plass bare du no kan fylla.  
Så lat han få leia deg dit!  
Hans signing skal livet ditt gylla.
4. Gud har ein plan med ditt liv.  
Eit verk skal for honom du gjera.  
Og sidan hans herlegdom sjå,  
I æva ein sigerskrans bera.

*Knut Harald Håland*





## Varhaugs-folk hjelper Khasi-folket i Bangladesh

*Gaute Øgreid Rasmussen har halde tett kontakt med Khasi-folket i Bangladesh etter misjonærperioden. Gåver frå Varhaug blir brukt til kyrkjebygging, motorsyklar, medisinsk hjelp og små bedriftsetablering.*

Sjur Håland

Han har teke den lange reisa mange gonger, og er nett komen heim frå ein tur der kona, Solvor, og Eva og Reidar Varhaug var med.

- Tidlegare prøvde eg å få til ein månadslang tur annakvart år. Siste åra har det blitt litt oftare, fortel han.

### Luftmadrass og myggnett

Turane er ingen luksusreiser. Reiselengda ein veg er eitt døgn. Flyseta er tronge, og madrassane ute i jungelen kan vera harde for ein støl rygg.

- Eg har med meg ein luftmadrass og eit myggnett å henga over senga. Då går det som regel bra, smilar han.

Gaute har basen på ein misjonsstasjonen i Brahmanbazar, midt i området, og reiser rundt til landsbyane med bil, motorsykkel eller trehjulscooter.

- Der det ikkje er veg heilt fram, må me ta føtene fatt. Siste turen møtte me ein elefantfamilie på stien. Med ein nyfødd

elefantunge i flokken er ikkje dei svære dyra til å spøka med, men me fekk heldigvis røma unna.

Familien Solvor og Gaute var misjonærar blant Khasifolket nordaust i Bangladesh frå årsskiftet 1979/80 og fram til familien flytte heim og busette seg på Varhaug i 1992.

### Enorm folkevekst

Kjennskapen til landet og folket, saman med arbeidet i dei 35 menighetene i området, har ført til at banda til Bangladesh er like sterke som før. Engasjementet har smitta. Gåver frå Varhaug kyrkjelyd og lag som Vi over 60 og Musikklaget, blir omsett til hjelp til kyrkjebygg og motorsyklar til prestar i det folketette, hardt prøva, landet med 170 millionar menneske.

- Folkeveksten har vore enorm, seier Gaute.  
- I 1980 var folketalet 75 millionar.

Eine menigheita heiter Kalinji og er venskapskyrkjelyd med Varhaug kyrkjelyd.

- Pengane som blir samla inn frå kyrkjelyden til Kalingi er dryge og går rett inn i menighetsarbeidet, understrekar han.

### Kvinnene styrer

Khasi-folket har ein uvanleg samfunnsstruktur og er matrilineært.

- Det betyr at det er kvinnene som styrer og rår, blant anna over økonomien. Borna får mora sitt etternamn. Det er yngste dottera i familien som arvar foreldra. Ho har også ei plikt til å ta vare på og stella foreldra når dei blir gamle, fortel Gaute.

Landet har ingen sosiale tryggleiksnett eller NAV-ordningar.

- Folk må greia seg sjølv med det meste. Det fører sjølv sagt til store utfordringar for dei mange fattige, som ikkje har råd til skulegang og helsestell.

90 prosent av befolkninga i Bangladesh er muslimar. Av den kristne delen på berre 0,8 prosent, er halvparten katolikkar. Landet er fruktbart, men lågtliggende, noko som gjer det utsett for flaumkatastrofar. Unnataket er den delen av landet der Khasi-folket held til.

- Det er i jungelen. Her er det litt meir kuppert enn elles, forklarar Gaute.

### Husbesøk og menighetsbygging

- Kva gjer du når du er på besøk? Ferie?

- Slett ikkje. Det handlar om å treffa folket. Eg besøker flest mogleg av dei 35 menighetene. Der kan samtalanane handla om bibelskuleopplegget med sjølvstudium, kyrkjebygging eller planlegging av møteopplegg eller drift av menighetene.

Gaute held fram at han prioriterer tid til husbesøk der bønn alltid er sentralt. På kvardagane er han av og til med på møter, om det er mogleg. Mørkret gjer at han bør vera heime på basen når kvelden kjem. Søndagane står sjølv sagt gudstenester på programmet.

- Nå sist var me med på kyrkjemøtet for Khasiane. Det var fantastisk å oppleva at det vart sett rekord i tal besøkjande. På søndagen var meir enn 4.000 personar til stades. Kristenlivet er svært aktivt og menighetene veks.

### Starta i 1966

Santalmisjonen, som tok over arbeidet etter ein misjonsorganisasjon frå Wales midt på 60-talet, har blitt ein del av Normisjon. Då arbeidet tok til i 1966, var kyrkja døyande, og misjonæranne prioriterte grunnleggjande bibelopplæring. Arbeidet har bore frukter. No er det ikkje norske misjonærar stasjonert blant Khasi-folket. Khasiane driftar menighetsarbeidet sjølv. Men dei er takksame for hjelp utanfrå. Normisjon støttar mellom anna ein del skular. Elevane frå



Kyrkjelyden under telt.

første til femte klasse lærer både bengali- og khasispråket. Normisjon driv også tre internat med plass til 30 elever frå femte klasse og oppover.

- Saman med Vi over 60 og Musikklaget har me skaffa midlar til fire motorsyklar til bruk for prestar. Ein fjerde person skal også få motorsykel så snart han får lappen.

Khasiane utgjer ei befolkning på ca. 10.000 personar i Bangladesh (I nabolandet India bur det 700.000 khasiar). I jungelen i Bangladesh leiger dei areal av staten, der dei dyrkar pan, ei slyngplante som veks rundt store tre. Blada frå plantene blir nytta som råstoff i ein mykje brukt skråtobakk.

- Folket i Bangladesh dyrkar ris i stor målestokk i ei jord som er fri for stein og svært fruktbar, om dei berre får nok vatn. Er dei heldige får dei tre avlingar i året.

#### Falt ned frå stige

Ein av personane som har fått hjelp, var U Nan, ein mann som fall i bakken frå ein stige då han hausta pan. Han vart lam frå livet og ned, og avhengig av rullestol. Etter kvart fekk han eit liggesår som vart infisert og livstrugande.

- Eg og legen, Ottar Hope, trefte U Nan, som er ein førstegenerasjons kristen. Me bad for han og fekk høve til å tilby han sjukehusbehandling med hudtransplantasjon i hovudstaden. Først torde han ikkje. Seinare takka han ja og gjekk gjennom ein omfattande operasjon. No har me fått høve til å hjelpa han med å starta ein liten butikk i landsbyen der han bur. Det har gitt han eit livsgrunnlag og nytt mot. Historia er ikkje mindre sterk med tanke på at mora hans, som ikkje er kristen, ville ha han med til heksedoktor. Han heldt fast på trua si og nekta. Siste gongen me besøkte han, hadde me med pengar til kyrkjebygget i landsbyen hans.

#### Framgang for Guds rike

Gaute held fram at det er viktig med oppmuntring mellom kristne i ulike land.

- Me skal halda fram med hjelpearbeid i Bangladesh og visa at dei ikkje er gløymde. No er høve til hyppig kontakt monaleg lettare takka vere facebook og mail. Så er det viktig at det ikkje berre er slik at me gir. Eg opplever at engasjementet gir mykje tilbake. Og så er det stort å oppleve at Guds rike har framgang.

Midlane frå Varhaug kjem godt med.

- Khasi-folket greier seg sjølv med å til dømes løna prestane og lærarane. Men det dukkar alltid opp nye utfordringar. Då er nokre kroner frå Varhaug kjærkomne.



Eva kjøper



Tuktuk Reidar



Reidar ved bru

## Menighet på Varhaug Misjonshus

**Som en naturlig videreutvikling så blir det dannet menigheter på misjonshusene og bedehusene rundt omkring i Norge. På Varhaug Misjonshus har det lenge vært jobbet med å se på hvordan dette kan etableres på best mulig måte.**

Varhaug Misjonshus eies og drives av 4 misjonsorganisasjoner; Det Norske Misjonsselskap (NMS), Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM), Indremisjonsforbundet (ImF) og Normisjon. Disse organisasjonene bruker misjonshuset til å drive arbeidet i organisasjonene. Barne og ungdomsarbeidet har alltid vært felles på Misjonshuset. I tillegg er det flere arrangementer som er felles, blant annet et arrangement søndag kveld, som heter «Sundag», der mange samles til lovsang, Guds ord og forbønn. ImF og NLM har, de siste to årene, samarbeidet om møter på søndag formiddag, der planen har vært å videreutvikle dette til å bli en del av en menighet.

På grunn av at det er så mye felles på Misjonshuset, er det for mange naturlig å tenke at vi bør ha en felles menighet på misjonshuset. Teologisk er det lite som skiller eierorganisasjonene på misjonshuset. Dette er alle Lutherske organisasjoner. Samtidig er det ganske stor forskjell på hvordan organisasjonene tenker menighetsbygging. Dette skaper utfordringer relatert til å bygge en felles plattform for en menighet på Misjonshuset.

Trenger vi en menighet på misjonshuset når vi har en veldig god kirke på Odland?

Av ulike årsaker er det mange kristne på Varhaug som ikke finner sin plass i DNK. Det er da viktig at disse får et alternativ. Å opprette en menighet på Varhaug Misjonshus er ikke en protest mot DNK, og det er heller ikke tenkt som en konkurrent. Vi ser at det i nesten alle bygdene i Norge dannes nye menigheter på misjons/bedehusene eller i frikirker. Det er da naturlig å tenke at dette også kommer til Varhaug. Ulike menighetsfelleskap skaper mangfold og det gir muligheter til å være med der en ønsker det. Det viktigste er at alle får en mulighet til å få høre om Jesus, komme til tro på han og få leve i troen livet ut - i et felleskap med andre kristne.

Så hva skjer nå på Misjonshuset?

NLM sitt årsmøte i fjor vedtok at organisasjonen ønsket å videreutvikle søndags formiddagsmøtene til å bli en forsamling. Dette skulle gjøres ved å fortsette samarbeidet med ImF og ved å høre om de andre organisasjonene ville være med. I første fase skulle det utredes om hvordan en så for seg en felles forsamling/menighet på misjonshuset. På bakgrunn av dette ble det opprettet en komite for dette arbeidet. I høst arbeidet komiteen fram en modell som ble lagt frem på alle årsmøtene i eierorganisasjonene i januar/februar.

Alle årsmøtene, utenom NLM, stemte for denne modellen. For å få dette til så må alle være med og det jobbes nå med å komme fram til en alternativ modell og vedtekter som alle kan være med på. Vi har stor tro for at vi kan få dette til. Det er spennende tider. Husk å ta dette med i bønn.

Njål



**FARGERIKE**



**FARGERIKE HALVORSEN**  
 Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
 E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
 Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



# Nye styrer i eigarorganisasjonane 2018

## Norsk Luthersk Misjonssamband, NLM:



Frå venstre bak; Harald Dyroy, Marta Skretting Ekroll, Anne Margrethe Fauskanger, Kjetil Halvorsen.

Framme; Tormod Nord-Varhaug (formann), Terese Våge

## Indremisjonen, IMF:



Fv: Svein Jakob Nesvåg, Gina Ueland, Gerd Håland og Toralf Liene

## Det Norske Misjonsselskap, NMS:

### Hva vi gjør



Program for hausten 2018  
Stevne på Varhaug 26. August  
Basar 28. September  
Motehelg 2.-4. November  
Julemesse 23.-24. November.

Du finn oss på Vipps – kode 127917, og ein annan enkel måte å støtte NMS økonomisk på er fast gjevarteneste. Meir informasjon om dette kan du finna på internett: [www.nms.no](http://www.nms.no)

**Vi er svært takknemlige for alle som er med og støtter NMS sitt arbeid.**



Styret NMS Varhaug

Hanne Skårland, Kristian Lima Arnhild Mersland, Njål Omland, Liv Synnøve Vagle

(Tommy T. Skretting er ikkje på bildet)

## Normisjon:



Fra venstre: Øystein Varhaug, Marthe S. Aarrestad, Kjartan Horpestad, Tor Inge Auestad, Roger Lerbrekk, Johannes Håland

Ikke til stedet: Solveig Horpestad

Normisjon Varhaug er en av de fire eierorganisasjonene til misjonshuset og er tilknyttet Normisjon Rogaland. Normisjon Varhaug har en lang historie fra de lokale foreningene som tilhørte Santalmisjonen og Indremisjonsselskapet. Vi har drevet møtevirksomhet og innsamling til misjon i langt over 100 år. Det er tre kvinneforeninger som har drevet trofast over flere tiår. Hver år har vi møteuke, hagetreff, basarer og enkeltmøter for å bygge opp og utruste kristne på Varhaug og samle inn midler til arbeidet som Normisjon driver regionalt og internasjonalt.



# Gildt på leir!

**Kven seier dette? Jau, ein kjekk mann i sin beste alder. Han heiter Gordon Bøe, er 49 år, gift med Margreta og far til fem. Han veit kva han snakkar om, etter å ha vore på leir både som liten, men og som vel vaksen, då som leiar.**

**- Reiste du mykje på leir som liten?**

- Eg reiste på leir, men ikkje så mange gonger. Det var litt skummelt. Eg kjende meg utrygg, var usikker og liten i mengden av ukjende. Så det var ein periode der eg ikkje drog på leir i det heile.

**- Du haldt fram med leirliv som vaksen?**

- Det stemmer. Då eg vart eldre, vart eg utfordra til å stilla som leiar sjøl, og det har gitt mange gode stunder. Eg hadde ymse erfaringer å ta med meg frå eg var liten. Dersom ein ikkje kjenner seg trygg, er det mest umogeleg å ha det greit og ta imot inntrykk av noko slag. Difor er tryggleik som ei overskrift for alle leirane eg deltek på. Når ungane er trygge, har dei det gildt. Mi erfaring er at å ha med seg ein vaksen,

er veldig bra. Utan å senda negative hint til nokon, vil eg hevda at mødrene er i ein særklasse som tryggleikspersonar for dei små. Godt og trygt miljø gir trivsel!

**- Kor har du reist på leir?**

- Det har vore mange stader: Utsyn, Horve, Ersdalstun, Ognatun, Holmavatn, Tonstadli. Eg var på gutelagsleir på Tonstadli som liten. Det var godt å reisa ilag med kjente, og så knytte me nye venskapsband med dei me møtte på leir. Så har eg vore på weekend på Vaulali, Solgry og Nordlys, det er jo som leir, det og.

**- Kva gjer ein på leir?**

- Det er mykje gildt! God mat, sosialt samvær, kosekveldar. Eg lika godt når leiarane kledde



Gordon Bøe

seg ut og underhalddt. Ute går det i ballspel som fotball, handball og volleyball og leik og bading der det er sjø eller vatn. Eg tykte det gildaste var leik og kanopadling.

**- Må ein reisa langt vekk for å ha det gildt?**

- Nei! Dei som likar å reisa langt, kan gjera det, men det er like bra i nærmiljøet. Igjen vil eg seia: Der ein kjenner seg sett og trygg, er det grobotn for trivsel og venskap.

**- Så er det vel viktig å fortelja barna om Jesus på leir?**

- Absolutt. Me skal så Guds ord, så vil han la det spira. La dei små barna koma til meg, sa Jesus. (Matt 19,14) Men alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds barn, står det i Joh 1,12.

- Livet er skjørt. Det er godt å ha Jesus som ven, han er størst, avsluttar Gordon.



▲ Holmavatn



▲ Furutangen

**Er leir noko for deg - sjå neste side - - - >>>>>>**





# Er leir noko for deg?

Det er mange ulike leirplassar rundt oss, nokre nær og andre litt lenger vekke. Tilboda er varierte, og valga mange. Det er vinter- og påskeleir, skileir, familieleir, sommarleir, haustleir, adventsleir, leir for handikappa, leir med far eller mor, besteleir ( med besteforeldre), seniorleir, tenleir, førjulsleir, lagsleir. Her er det bare å blinka seg ut det som passar best.

Her kjem ein presentasjon av eit utvalg leirstadar som kan vera aktuelle, og kven som driv dei.

**Normisjon:**

Horve ungdomssenter ligg 16 km frå Sandnes sentrum på veg mot Høle, flott plassert i fri natur og ved vatn som gir rikeleg høve til uteaktivitetar som bading, fotball, sandvolleyball, leik og turar i skog og mark. Påmelding til horveungdomssenter.no

Vaulali leirstad ligg i Bjørheimsbygd i Strand kommune. Plasseringa ved Østerhusvatnet gir rikeleg høve til bading og vannaktivitetar av mange slag, som kanopadling, sjøslag, vannballong-volley mm. Påmelding til vaulali.normisjon.no

**Indremisjonsforbundet (IMF):**

Ognatun ligg fint til ved Helgavatnet blant knausar og fjell på Sør-Jæren mellom Onga og Brusand. Plassen byr på mange aktivitetar som fotball, volleyball, basketball, tennis, leik, bading og kanopadling. Påmelding til imfrogaland.no eller tlf. 51793880.

**Det norske misjonsselskap (NMS)**

Himmel og hav, ligg ved Solastranda, 15 min kjøretid frå Stavanger og Sandnes. Her er det flott sandstrand som innbyr til både vannaktivitetar og turgåing.

Furutangen, ligg i sjøkanten på Randøy i Hjelmeland - ei perle i Ryfylke som byr på aktivitetar som fotball, sandvolleyball, Tarzanløyper, tur i hei og ved hav, kajakk- og kanopadling og sjøslagt bading i sjøen. Påmelding til NMS leirane: nmsu.no/kalender

**Norsk luthersk misjonssamband (NLM):**

Holmavatn ungdoms- og misjonssenter, Varhaug, ligg på Høg- Jæren ved Holmavatnet. Tilgang til fint turområde i heia, samt badeplass med kano og trøbåtar, leikeplass og ballspel.

Tonstadli ferie-, kurs og misjonssenter. Ligg i Sirdal, i lia over Tonstad sentrum. Fint turterreng til fot- og skiturar, ballspel, bading i vannsklie og badekulp, og kort veg til det populære Tonstadbadet. Påmelding til NLM leirane: nlm.no/leirsorvest eller tlf 22007272.





## Mitt møte med Varhaug Forsamlingshus

*Eg kan ikkje rekna opp alt. Men tida på forsamlingshuset var med å staka ut livskursen min så eg som var veik og umogen på alle vis kan syngja som Orheim: Eg fann min Gud i ungdomsår.*

Odd Dubland

Det var Lerbrekk, Auestad og Ueland skulekrins som reiste forsamlingshuset og losjehuset i 1902. Sistnemnde hus vart bygt for å fremja edruskapen. Det som var før mi tid (født 1938) veit eg ikkje så mykje om når det gjeld huset.

Forsamlingshuset vart rekvirert av tyskarane i krigsåra. 1940-1945. I vegkrysset ved Bøen sin butikk stod tyske vakter. På andre sida av vegen budde myllaren. Vegen bort til forsamlingshuset var sperra med såkalla "spanske ryttrar". Det var laga av tømmerstokkar og piggråd. Eg hugsar ein kald vinterdag at vaktsoldatane hadde på seg nokre svære støvlar som rakk like til knea. Det var for å halda varmen. Dei var så store at dei kunne fara i dei med militærstøvlane på. Skulle dei gå eller springa måtte dei hoppa or dei i full fart.

Soldatane vakta vegen til forsamlingshuset. På austsida av forsamlingshuset bygde tyskarane

to brakker der dei budde. Det budde nordmenn i desse brakkene etter krigen.

I krigsåra vart den kristne verksemd i form av møter, basarar, sundagsskule og anna flytt til eit hønsehus hjå Kolbjørn Fitje. Huset måtte reinsast og skrapast og vaglet måtte rivast. Eg hugsar eg var med far og mor på basar der far vann ei skuffel. Her vart det og drive vinterlandbruksskule. Her vart møtene haldne og faktisk talt var det vekkjing her. Ein av dei forkynnarane som virka her var Mindor Dragsund. Det var fleire som vart med då. Det var jo utrygge tider som førte til at folk fekk alvorstankar. Etter krigsåra med ny fridom var det nokre som vart mindre å sjå i det kristne samfunnet. Men her skal Gud døma, ikkje me.

Det var ikkje noko tid i min barndom og ungdom då eg held meg borte frå forsamlingshuset. Eg kan ikkje minnast at det var noko anna enn harde trebenker.

### Basarar

Eg minnest basarane. Nokre vann mange gonger. Dei hadde teke mange lodd. Eg hending hugsar eg godt frå ein basar. Ein av gevinstante var ein fin liten bunad som høvde for ei småjente. Fleire jenter sat på fyrste benk og kika med store augo på bunaden. Det var stille då

vinnaren skulle lesast opp. Malfrid Dubland! Det var syster mi og ho for ein vind opp på plattformen, opp på ein benk og henta bunaden. Nokre minutt etterpå for ho ut døra og heim. Før basaren var skikkeleg slutt kom ho springane attende med bunaden på. Du store tid.

Så var det sundagsskulen. Gustav Løge, Julie Lima, Malena på toppen, Bertel Ånestad og far.

Det er farleg å nemna namn. Det er lett å gløyma.

Så var det dei vanlege møtene då. Møtetida var kl. 19,30. Nokre minutt over hørde vi lyd av motorsyssel. Det var den gilde og fredsame Tobias Varhaug. Alltid litt sein, men du for ein gudfryktig mann. Kanskje nokre trekte litt på smilebandet då Tobias etter å ha lese eit ord i Bibelen sa: " An saie dæ i groen bære Rosenius."


Det var ei kvinnesida og ei mannsida. Mennene til høgre nå ein kom inn. Unntaket var misjonsfestane. Då stod benkene slik at kvinner og menn kunne sjå på kvarandre.

### Julefestane

Julefestane minnest eg og. Mange likte veldig godt å gå rundt treet å syngja. Ring utanfor ring. Tilslutt vart ringane så store at dei måtte ut småsalen, inn på kjøkken , ut i gangen og inn att. - "å okse der og asen stod, og såg den Gud og Herre god. Halleluja, halleluja!!"- med særleg trykk på det siste.

I den tredje ringen gjekk ho som eg hadde så hug å gå saman med, men på det feltet var eg på den tid av dei stille og blyge så det vart berre med den vakre draumen. Men ho skulle berre visst kva ho gjekk glipp av!

Så var det mat. I papirposar som var avklypte i kvart hjørne så ingen skulle blåsa dei opp og smella dei. Sjeva, kanskje ei rosinsjeva og kanskje ei appelsin.



Eg minnest nokre av talarane. Eg tenkjer på Matias Vasvik då han fortalde om korleis han hadde kjøpt seg "potografiapparat." Korleis han hadde "potograpert" det gamle hønsehuset på Hellvig. Etterpå hadde han teke ut filmen for å sjå hønsehuset. Det var ikkje vellukka og då han kom til "potograpibutikken" sa dei at det hadde kome lys til og filmen var øydelagt.

Dette anvende Vasvik i preika om lyset.

Me likte nå best dei talarane som hadde noko å sei og som gjekk ned av talarstolen når dei hadde fått sagt det og ikkje sveiv på tomgang.

Det var nå folk i forsamlinga som hadde like stor innsikt i Guds ord som tilreisande predikantar. Her er vanskeleg å nemna namn, men det vart sagt om Magnus Hobberstad (1892-1964) at når han hadde opna eit møte, kunne folk gå heim rike. Det trongst liksom ikkje seiast meir.

Eg minnest og den blinde Matias Orheim som spelte på glas og fiolin.

Eg kan ikkje rekna opp alt. Men tida på forsamlingshuset var med å staka ut livskursen min så eg som var veik og umogen på alle vis kan syngja som Orheim: Eg fann min Gud i ungdomsår.

# BARNESIDE

**R. SKRETTING A/S**  
 KJØTTFORRETNING  
 DELIKATESSE  
 SELSKAPSMAT  
 4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16

**VARHAUG**  
 HÅRMEFRISØR

Brit Jane Varhaug  
 Einervegen 3  
 Tlf.: 51430757

**BYGGMESTER**  
 Oddmund  
**VAGLE**  
 Tlf 47 63 62 02  
 Anestadvegen 292 - 4360 Varhaug

**BETONGELEMENTER**  
 til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m

**HÅ ELEMENT A/S**  
 Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91

**HUS • TILBYGG • REPARASJONER**  
 Be om pristilbud på arbeid og materialer


**Lobekk Bygg A/S**  
**Svein Lobekk**  
 Tlf.: 51 43 09 99  
 Mobil: 90 92 98 87

**Erik Håland Maskin A/S**  
 Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85  
 Mobil 970 55 500

Leverandør av trelast  
 og bygningsartikler

**PARTNER TRE**  
 TRELAST OG BYGGEVARER  
 ENGROS  
 Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbo  
 Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

Hei! Kjekt du les i misjonshusbladet. Her er det nokre kjekke oppgåver til deg!  
 Først ei ordjakt om påske. Orda du skal leite etter står under bokstavane.  
 Den er henta frå superblink.no  
 Der er det fleire kjekke spel om du vil. Det er også her ein teikning du kan fargelegge!



J	K	J	W	P	S	P	E	V	K
O	O	E	O	J	O	M	P	L	Y
H	R	R	P	D	N	J	A	W	S
A	S	U	P	Ø	E	E	L	V	S
N	N	S	S	D	V	S	M	E	J
N	A	A	T	S	B	U	E	L	R
E	G	L	Å	D	R	S	G	J	Ø
S	L	E	T	Ø	Ø	T	R	A	V
V	E	M	T	M	D	A	E	L	E
F	R	Q	M	T	F	P	N	Æ	R

JERUSALEM PALMEGREN JOHANNES  
 OPPSTÅTT DØDSDØMT NAGLER  
 RØVER JESUS KYSS  
 BRØD SONE KORS

# BARNESIDE

Jesus er ein fantastisk person. Han kom til jord for oss menneske, gjorde folk friske, fortalte om Guds rike og døde og stod opp igjen for oss! Det er fantastisk det. Andakten du nå skal få lese er litt av det som hende i påsken.

Jesus døde langfredag i påskeveka, og alle var triste. Kvifor måtte Jesus dø? Jo, for Jesus døde frivillig på korset for å åpne vegen til Gud. Synd skiller oss fra Gud, men Jesus vant over ondskapens makter då han stod opp igjen. På den tredje dagen, altså 1. påskedag kom det ein engel og rulla bort steinen for grava til Jesus. Jesus kom ut fra grava, han er ikkje død lenger.



På Golgata stod det eit kors.  
Jesus hang på det korset.  
I hagen var det en grav.  
Jesus lå i den graven.  
Men korset er tomt.  
Graven er tom.  
Jesus stod opp og han lever.  
Men korset er tomt  
Graven er tom.  
Jesus stod opp og han lever.

Viste du at:  
Det var kvinnene som først fekk veta at Jesus var oppstanden.  
Maria var den første som fekk sjå Jesus levande igjen.

## Mine bøker

Nokon stor lesehest er eg ikkje. Dessutan er eg «kresen». – Når eg går i gang med ei bok, les eg først forord og omtale. – Dersom forfattere synest bare å ha fortene som motiv og «koker saman» noko på den bakgrunnen, då les eg ikkje boka. Likeså dersom det er ein del grove uttrykk /banning i boka. - Men dersom forfattere nyttar ein historisk, reell ramme i ein roman, reiseskildring, sjølvbiografi eller liknande, kan boka vera både lærerik og spennande.

I det siste har eg m.a. lese tri bøker som illustrerer muslimsk miljø:

«**Imamens datter**» er ein sjølvbiografi av ei jente frå muslimsk miljø i England.

Faren er neppe ein typisk imam, men det her skildra miljøet skræmer meg. Rett nok skal me ikkje mange generasjonar tilbake før t.d. arrangerte ekteskap ved meir eller mindre tvang, ikkje var uvanleg i vårt land. Til og med heksebrenning har skjedd hjå oss og elles i Europa, men det er lenge sidan.



Boka «**Huset ved Moskeen**» omtalar muslimsk miljø i Iran. Dette er ei interessant og god bok, men skræmelege skildringar av tida med Khomeini ved makta.


«**På andre siden av fjellene**» er ein roman om flukt frå Iran. Her må ein familie flykta då dei er truga på livet på grunn av kristen tru.

Alle desse tri bøkene er både spennande og lærerike, bøker som det er verdt å lesa. (Dei kan lånast på Biblioteket).

Både den førstnemnde og den sistnemnde boka syner at det også i Europa er livsfarleg for muslimar å konvertera frå Islam til kristendommen, dersom ein ikkje går tilbake til Islam og fornekter si kristne tru.

Men til slutt vil eg seia **at for meg har «Det nye testamentet», serleg dei fire evangelia, det djupaste og mest verdifulle innhaldet!**

Helsing Eirik J. Varhaug



**KAY'S**  
BETONGSAGING

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

**NORGESHUS**  
Skrettingland  
& Lobekk as

# Prisar for leige av Misjonshuset

	Kristelege arrangement Eigar-org.		Anna bruk	
	(NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på Misjonshuset				
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

## Merknad

1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.

2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-

3): gratis for bønnemøter

4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

## Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 4500 \*)

" " : bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3000 \*)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

\*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1000	1300
Møteveke med fest på sundag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset kr. 2500 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV Huset Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV Huset KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

# Faste arrangement

Arrangement	Dag	Tidspunkt	Rom	Kontakt	Tlf
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (skuletid)	0900-1300	Matsal	Gerd Ingunn Mattingsdal	959 78 084
Homlebølet	tirsdager	1000-1200	Matsal	Anette S. Auestad	476 36 941
Speider	onsdager	1900-2100	speiderloft og-kjeller	Øystein Varhaug	970 90 811
Rover (eldre speidere)	mandag	1900-2100	speiderkjeller	Lars Kristian Haaland	951 45 516
Åpent hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Johannes Bøe	415 49 009
Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Kristin Skrettingland	411 06 529
Eldretreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51 43 10 02
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Margreta Bøe	51 43 03 66
FRES, ten-oppleg	fredag, annenhver	1900-1930	ungd.sal, matsal, kjøkken	Anette Vatne Vagle	414 20 272
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Ingrid Omland	995 90 488
SUNDAG	søndager, oddetallsuke	1930	møtesal		
Søndag formiddagsmøte	søndager, partallsuke	1030-1115	ungdomssal	formennene	
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	?	?
yngreskor	Mandager	1815-1915	møtesal	Anne Margrete Fauskanger	959 35 486
ungdomskor /band	tirsdager	1900-2130	Møtesal	Gerd Håland	992 54 851
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51 43 01 20
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51 43 10 57
Lovsanggruppe	Torsdag (hele året)	1900-2100	møtesal eller ungd.sal	Gerd Håland	992 54 852
SUNDAG lovsanggruppeøving	Mandag (hele året)	1915-2100	møtesal	Bente Aanestad Scheie	416 76 727

ajourført: 210417

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2018-2019

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								<u>.</u>
<b>Solfrid Harbo</b> <b>492 53 765</b> (Asbjørn Fauskanger 94157641)	<b>11</b>	<b>19</b>	<b>27</b>	<b>35</b>	<b>43</b>	<b>51</b>	<b>7</b>	<b>15</b>	
	12/3	7/5	2/7	27/8	22/10	17/12	11/2	8/4	
<b>Kristian Skrettingland</b> <b>913 75 393</b> (Andreas Rasmussen 95768809)	<b>12</b>	<b>20</b>	<b>28</b>	<b>36</b>	<b>44</b>	<b>52</b>	<b>8</b>	<b>16</b>	
	19/3	14/5	9/7	3/9	29/10	24/12	18/2	15/4	
<b>Per-Arvid Jakobsen</b> <b>51430082/926 17 652</b> (Tor-Jarle Ueland 91671417)	<b>13</b>	<b>21</b>	<b>29</b>	<b>37</b>	<b>45</b>	<b>1</b>	<b>9</b>	<b>17</b>	
	26/3	21/5	16/7	10/9	5/11	31/12	25/2	22/4	
<b>Torbjørn Honnemyr</b> <b>479 56 501</b> (Martin Dyngeland 97055506)	<b>14</b>	<b>22</b>	<b>30</b>	<b>38</b>	<b>46</b>	<b>2</b>	<b>10</b>	<b>18</b>	
	2/4	28/5	23/7	17/9	12/11	7/1	4/3	29/4	
<b>Astrid Varhaug</b> <b>51430336/992 29 781</b> (Sigbjørn Varhaug 51430336)	<b>15</b>	<b>23</b>	<b>31</b>	<b>39</b>	<b>47</b>	<b>3</b>	<b>11</b>	<b>19</b>	
	9/4	4/6	30/7	24/9	19/11	14/1	11/3	6/5	
<b>Tron Stokkeland</b> <b>957 04 903</b> (Leif Nord-Varhaug 91192055)	<b>16</b>	<b>24</b>	<b>32</b>	<b>40</b>	<b>48</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>20</b>	
	16/4	11/6	6/8	1/10	26/11	21/1	18/3	13/5	
<b>Loyd Aanestad</b> <b>51432149/915 39 216</b> (Kjell Gunnar Arnesen 95486532)	<b>17</b>	<b>25</b>	<b>33</b>	<b>41</b>	<b>49</b>	<b>5</b>	<b>13</b>	<b>21</b>	
	23/4	18/6	15/8	8/10	3/12	28/1	25/3	20/5	
<b>Tarald Ånestad</b> <b>906 37 516</b> (Ståle Ånestad 94885541)	<b>18</b>	<b>26</b>	<b>34</b>	<b>42</b>	<b>50</b>	<b>6</b>	<b>14</b>	<b>22</b>	
	30/4	25/6	22/8	15/10	10/12	4/2	1/4	27/5	

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internetsida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misjonshus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllev. 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

## Jærentreprenør

Opstadveien 643  
Postboks 54 – 4368  
VARHAUG  
Tlf.: 51798700  
post@jerentreprenor.no  
Org. nr.: 934279980  
www.jerentreprenor.no

## JÆRBU

### GJØDSELPUMPE

## Ole G

Nord-Varhaug & Co a-s  
Hatleveien 4, 4360 Varhaug  
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER  
**Elektrofag Jæren**  
Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN



Dublandveien 35A  
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900  
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no  
www.vph.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7  
4360 Varhaug  
Telefon: 51430937  
Fax: 51433364  
Mobil: 90889556

## ODLAND a/s

FORSKALING OG STØYPING



# Velkommen til familiefest på Misjonshuset!

17.mai kl. 18.00.

Tale av Jonas Skrettingland

Servering av pølser og is.

Leiker for små, og kanskje store også.

Du kjem vel?

